



# Øystre Slidre ungdomsråd

v/Kristin Alfstad

Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

## Referat frå møte i Ungdomsrådet 22.4.21

Ungdomens kulturhus Gapahuken / Herangbakken

Møtt: Eirik Bråten, Jostein Sørengen, Kristin Alfstad, Margrete Myrvold Hegge, Ingrid Stalenget

Ikkje møtt: Ingeborg Aastveit, Isak Ledel

For kommunen: Øystein Skattebu

## 7/21 Dagsturhytte i Øystre Slidre

Ungdomsrådet behandla saka om dagsturhytte i sak 4/21, den gong med denne vurderinga:

*Vurdering frå : Ungdomsrådet stiller seg positive til etablering av dagsturhytte. Tiltenkt plassering i Herangbakken er eit godt alternativ. Ungdomsrådet vil ta ei synfaring på staden i neste ungdomsrådsmøte i april/mai, og koma med endeleg innspel. Eit anna alternativ til plassering, kan vere på Ålenhøvda ovafør Moane.*

Ungdomsrådet var på synfaring i Herangbakken 22.4. Turen gjekk frå Gapahuken om Storefoss, opp hoppbakken og langs den gamle anleggsvegen frå toppen av storbakken og bort til tiltenkt plassering for dagsturhytta. Turen to om lag 35 minutt, inklusiv pause, lett rydding av stig og noko vassing i snø. GPS-tracking syner at turen er om lag 3km, tur/retur Tingvang.

### Vurdering:

Ungdomsrådet vart overraska over kor fint det er i Herangbakken, med vidt utstyn mot fjord og fjell. Plassen er relativt flat og open, slik at det vert plass til fleire folk og ulike aktivitetar kring hytta.

Vegen om hoppbakken er nok i brattaste laget for mange, men alternativet med stig opp frå Heggefjorden bør vere overkomeleg for mange. Denne stigen frå fjorden vil vere om lag 300m lang, med ein stigning på 60 høgdemeter. Det er og mogleg å lage til ein stig med tilkomst frå Volbu via Løkjishøvda. Ungdomsrådet fekk ikkje testa stigen på denne turen, grunna snø og därleg fottøy.

Ungdomsrådet meiner plasseringa er sentral og tilgjengeleg frå fleir av grendene i midten av kommunen. Hytta vil bli eit naturleg turmål for ungdomsskulen, men også for ungdomsklubben. Med ei bru over Heggeoset vil ein neppe bruke meir enn 20 minutt frå Tingvang.



# Øystre Slidre ungdomsråd

v/Kristin Alfstad

Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

**Vedtak: Ungdomsrådet tilrår at kommunen etablerer dagsturhytte ved tenkt plassering i Herangbakken.**



## 08/21 Reglement for ungdomsrådet

Øystre Slidre kommune skal revidere reglementet for ungdomsrådet. Forlag til nytt reglement vart lagt fram for ungdomsrådet til høyring på møtet 22.4.21. Forslaget ligg ved referatet.

**Vedtak: Reglement for Ungdomsrådet i Øystre Slidre vert godkjent utan merknad.**



# Øystre Slidre ungdomsråd

v/Kristin Alftstad

Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

Skrivar

Øystein Skattebu

## **I-12 REGLEMENT FOR UNGDOMSRÅDET I ØYSTRE SLIDRE**

### **§ 01 VAL OG SAMANSETTING**

Ungdomsrådet har 5 medlemmer med personlege varamedlemmer. Funksjonstida er eitt år, frå 1. oktober – 30. september.

Kommunestyret vel medlemmene i ungdomsrådet. Organisasjonar som representerer ungdom har rett til å fremje forslag til medlemmer i rådet.

Rådet vel sjølv leiar og nestleiar.

### **§ 02 FUNKSJON, ANSVAR OG HOVUDOPPGÅVER**

Ungdomsrådet er heimla i kommunelova § 5-12. Ansvar og hovudoppgåver går fram av gjeldande lov og forskrifter.

### **§ 03 MØTE OG SAKSBEHANDLING**

Det blir vist til gjennomgåande reglement (I-02) med gjennomgåande reglar for møte og saksbehandling.

### **§ 04 SEKRETARIAT**

Rådmannen har ansvar for at sekretariatsfunksjonen blir utført tilfredsstillande.